

Doktor Haugen slik du minnest han 16.

25.12.2014



Gjengangrar

Vi held fram med ei historie vi har fått inn frå ei anna nabobygd, Løfallstrand. Denne handlar om korleis dr. Haugen kunne løysa det når dagane vart altfor travle.

Historia skriv seg frå ein dag i det var ekstra stort besøk på legekantoret. Køen var stor, og blant dei som sat og venta på det stappfulle venterommet var og ein pasient som dukka opp hos dr. Haugen svært ofte med plagene sine, mest dagleg.

Dr. Haugen kom ut i døroppeninga og peika på dei ventande ein etter ein. 'Du er grei, du er grei, du er grei, men du kan gå heim i dag,' sa han då han kom til ei av desse som var der så ofte.

'Men kva skal eg gjera då, doktor Haugen, eg har så vondt i hovudet?' sa den fortvila gjengararen.

'Du får ta det med deg,' kom det kjapt frå doktoren.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto. Frå Kvinnhersminne 2003